

ID 255.24

Helse Vest
Helse Fonna

Fråsegn: Behalde ØNH-praksis i Sunnhordland

Ordførarane i Sunnhordland, ser med uro på den manglande avklaringa om vidareføringa av øyre-nase-hals (ØNH) praksisen på Stord, og den potensielle avviklinga av denne viktige helsetenesta. ØNH-praksisen, som har vore eit stabilt og essensielt tilbod i regionen sidan 1998, har tent innbygarane våre på ein framifrå måte og fyller eit kritisk behov for pasientar frå Stord, Fitjar, Kvinnherad, Tysnes og Bømlo.

Pasientane som no får oppfølging på Stord, vil måtte reise til Haugesund eller Bergen for behandling. Dette inneber lengre ventetid og meir stress, særleg for dei som treng følgje av pårørande eller transport med taxi og rullestolbil. Med praksisen lokalisert på Stord Helsepark, har innbygarane enkel tilgang til behandling midt i regionen. Ei avvikling vil føre til at fastlegane i Sunnhordland ikkje lenger har moglegheit til å sende ØNH-tilvisingar til lokal behandling.

ØNH-praksisen på Stord har kapasitet til å ta imot nye pasientar og bidra til kortare ventetider, særleg innan høyrseleksomsorg og småkirurgi. Å overføre desse pasientane til Haugesund eller Bergen, der ventelistene allereie er lange, vil auke belastninga på eit helsevesen som frå før har kapasitetsutfordringar. Ifølgje Helse Vest er det samansette årsaker til dei lange ventetidene innan ØNH, men som fagdirektør Bjørn Erik Vikse påpeiker, kan oppgåvedeling og betre samarbeid med avtalespesialistar vere ein god tilnærming for å handtere desse utfordringane.

Me forstår at Helse Vest RHF og Helse Fonna er opptatt av å forvalte sine midlar på ein forsvarleg måte. Likevel ser me ikkje korleis avvikling av ein velfungerande spesialistpraksis med stort potensial for vidare utvikling og auka kapasitet bidrar til dette. Sunnhordlandsregionen vil stå att med eit tap dersom denne praksisen blir avvikla, og me ber innstendig om at Helse Vest saman med Helse Fonna tek grep for å sikre vidareføringa av ØNH-praksisen på Stord. Me forventar at Helse Vest og Helse Fonna viser vilje til å oppretthalde viktige helsetenester i distrikta, slik at alle innbygarane våre får tilgang til naudsynt helsehjelp utan urimelege belastningar.

For å diskutere denne situasjonen, ønskjer me eit snarleg møte med ansvarleg for dette området i Helse Vest og Helse Fonna, og me imøteser forslag til datoar for eit slikt møte.

Sunnhordland, 29. oktober 2024

André Mundal Haukås
Regionrådsleiar

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar